

Tiltaksstrategi for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Luster kommune 2020-22

1. Innleiing

Med heimel i «*forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*» (NMSK-tilskot), skal det fastsetjast overordna retningsliner (tiltaksstrategi) for prioritering av tilskotssøknader etter denne forskrifta. Utarbeiding skal skje i dialog mellom kommunane, Fylkesmannen og dei lokale næringsorganisasjonane i landbruket. Fylkesmannen fordeler råde til kommunane for dei statlege tilskotsordningane som omfattast av forskrifta.

Føremålet med ordninga om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er heimla i § 1 i forskrifta, og der ligg det føre ein del nasjonale og regionale føringar på korleis kommunen bør bruke tilskotsmidlane. Det leggjast vekt på stimulering til auka verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiar, biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne vert ivareteke og vidareutvikla.

Tiltaksstrategien er ikkje meint å vere omfattande analysar, men skal kortfatta skissere det som er viktigast i kommunen ut frå måla med tilskotsordninga. Tiltaksstrategien vil såleis vere kommunen sin hovudinformatjon til fylkesmannen når det gjeld fordeling av løyvingsrammer, og vil og vere eit nyttig hjelpemiddel for kommunen i forvaltning av midlane. Det er opp til kommunen å finne dei tiltaka som er best eigna innanfor den råde som går fram av forskrift om NMSK-midlar.

Samstundes er det viktig at mål og prioriteringar i tiltaksstrategien tek omsyn til nasjonale og regionale miljømål.

Skog i vekst er positivt med omsyn til karbonbinding, men det er også viktig at vi tek omsyn til andre miljøinteresser og friluftsliv. Vi viser til rapporten «*Berekraftig skogbruk i Sogn og Fjordane*», «*Verdiskapingsplanen for landbruket i Sogn og Fjordane*» og til notat om «*Arealforvaltning og klimatiltak i Sogn og Fjordane*».

Fylkesmannen meiner det bør vurderast å setje i gong fellestiltak for fleire kommunar for å få opp aktiviteten innan skogkultur, og ber kommunane vurdere å bruke delar av NMSK-løyvinga til felles skogkulturmotiveringsprosjekt.

2. Grunnlag – verdiar og utfordringar

Skogreisninga som starta på 50-talet har resultert i at vi no i åra framover får tilgang til store ressursar med gran. Dette kan om komme godt med då gran vert meir og meir etterspurt av industrien, både lokalt og internasjonalt. Satsing på gran vil og være godt bidrag til miljøsatsing, då mykje av ressursen kan erstatte plast, betong, stål m.m.

Vi har og ei skogmark og klima som er optimalt for produksjon av gran.

Balansekvantumet i Luster kommune ligg på ca. 33.000 kbm (områdetakst Luster 20 år gamal)

Nøkkeltal for skogarealet:

Produktivt drivverdig skogareal ligg på om lag 115.078 daa. Det er mykje furuskog i kommunen og i siste oversikt viste at kubikkmassen fordelt på treslag er 46% furu, 34% lauv og 20% gran. Så godt som all grana er planta. Balansekvantumet i år 2000 var ca. 33.000 kbm

Hovudplan skogsvegar:

Hovudplan skogsvegar Luster blei vedteken i 2013

Totalt inneheld planane 13 vegplanområder. Utfordringane her er å få gjennomført desse tiltaka som fellesanlegg, og dei fleste anlegga er avhengig av finansiering gjennom statstilskot i tillegg til bruk av skogfond med skattefordel. Fire anlegg er realisert, og det er halde informasjonsmøte for fem av dei andre veganlegga der grunneigarane er invitert til møte som kommunen har arrangert.

Skogbruksplan:

Skogbruksplan for Luster blei ferdig i 2000, ein plan utarbeid av dåverande Sogn og Fjordane skogeigarlag. Desse bør fornyast innan kort tid.

Lokal forankring:

Den ansvarlege på skog i kommuneadministrasjonen har utarbeidd eit framlegg til revidert tiltaksstrategi som skal vedtakast politisk.

Kommunen har tilskrive lokale bondelag, bonde og småbrukarlag og det lokale skogeigarlaget. Relevante høyringssvar vert innarbeidd i det endelege framlegget.

Hovudmål i gjeldane tiltaksplan:

Stimulere til rasjonell og lønsam drift av barskog med tanke på å auke avvirkinga, og til kvalitetsfremjande tiltak i ungskogpleie og skogplanting etter hogst. Samtidig skal ein ta vare på ulike miljøkvalitetar, friluftsliv, jakt og fiske.

For å nå desse måla vert det lagt opp til følgjande prioritering for NMSK-midlar 2020:

Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket legg føringar for kva tiltak som kan gjevast løyving til, og kriteriar for tildelinga.

Fylkesmannen legg og årlege føringar for kommunen si tildeling av NMSK-midlar, og set t.d. krav til rett plantemateriale på rett stad.

3. Tilskot til skogkultur

Fylkesmannen tildeler rammeløyvingar til kommunane med bakgrunn i aktivitet og prognosar frå kommunen og tildelt fylkesråme.

Skogbrukslova pålegg skogeigar å sørgje for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Naudsynte tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd.

I følgje berekraftforskrifta er tilfredsstillande forynging planting av same eller høgare produserande treslag enn det som er hogd.

Tilskot til forynging av skog og ungskogpleie er eit av dei viktige verkemidlane for å sikre framtidig skogproduksjon. På fylkesnivå vert berre halvparten av avverkingsarealet forynga etter hogst. Dette er ikkje tilfredsstillande og langt frå berekraftig. Vi vil difor prioritere oppfølging av forynging i form av auka kontroll so vel som kunnskapsspreiing og rådgeving.

PRIORITERING

- Pliktig forynging etter hogst.
- Planting i nye områder på vegetasjonstypar som blåbær- og småbregnemark.
- Suppleringsplanting

- Kvalitetsfremjande tiltak for ulike lauvtreslag. Dette i form av rydding av uønskt treslag, avstandsregulering og stammekvisting.
- Ungskogpleie tiltak i barskog, rydding av uønskt treslag i plantefelt, avstandsregulering og stammekvisting på furu.
- Prosjekt ungsogpleie (sjå under pkt. 4.)

Tilskotssatsar

Tilskot til skogkultur har tidlegare år variert mellom 30 - 70 % i vestlandsfylka, medan gjennomsnittleg tilskotssats for heile landet har vore under 20%. Årsaka til historisk særskilde høge prosentssatsar på Vestlandet har samanheng med skogreisningstida og at skogeigarane ikkje hadde skogfond. I dag vert skogen hogd slik som i andre område av Noreg og skogeigarane sett av skogfond til naudsynte investeringstiltak.

Luster kommune vel ein tilskotssats på 50 %, men vil ha moglegheit for å gi opp til 70% i særlege høve og til planting av gran på nye områder.

Suppleringsplanting

Ved suppleringsplanting vert det gjeve eit sentralt tilskot på 60% for kostnaden av inntil 50 planter per dekar med krav om at plantetalet etter suppleringsplanting tilfredsstillar det fastsette minimumstal per dekar.

Tilskot til tettare planting (klimaplanting)

Ved nyplanting vert det gjeve eit sentralt tilskot på 80 % for kostnaden av inntil 50 planter ekstra per dekar. Sjå tabellen under. (også «800-kode» i ØKS)

Førehandsgodkjenning

Når det gjeld organisering av skogplantinga har denne endra seg mykje den siste tida, frå der kommunen hadde full oversikt over tingingar, plantekvalitet tid for planting m.m. No er stort sett all planting sett over til skogeigarorganisasjonane utan førehandsgodkjenning av dei skogfaglege i kommunane. Luster kommune set difor følgjande føringar for tilskot til skogkultur:

- Alle søknadar skal på førehand godkjennast av kommunen med vekt på følgjande:
 - Rett treslag, rett plantetal, rett tiltak på rett plass – tilrådeleg skogfagleg.
 - Krav til plantekvalitet. (for eksempel 2-årige plantar på høg bonitet og på hogstfelt som er 3 år eller eldre med konkurrerende vegetasjon).
 - Krav til tidspunkt for planting (vår- haustplanting)
 - Eit kostnadstak på kr 700,-/ daa for ungsogpleie.
- Minsteareal på 2 daa.
- Det bør vere økonomisk tilrådeleg.
- Det skal vere teke naudsynt miljøomsyn, styre plantinga inn mot eigna eksisterande hogstareal og relevante attgroingsareal, styr unna planting på nye areal med sterke interessekonfliktar.

Bonitet	Minimum plantetal per dekar etter supplering	Intervall for plantetal som utløyer tilskot for tettare planting
26	220	220 - 270
23	220	220 - 270
20	200	200 - 250
17	180	180 - 230
14	160	160 - 210
11	130	130 - 180

Forsømt ungsogpleie

Det aller meste av tilskotet går i dag til planting og på fylkesnivå har berre 2% av tilskotet dei siste tre åra gått til ungsogpleie. Ungsogpleie er ei naudsynt investering for å auke tilvekst, kvalitet og ikkje minst stormstabilitet.

Tilskotssatsen til ungsogpleie vert 70% for Luster

Kommunane kan enkelt hente rapportar frå ØKS over skogeigarar med potensielt behov for ungsogpleie på eigedomen. Dei aktuelle skogeigarane kan kontaktast for skogfagleg rådgjeving på eigedomen. Ungsogpleie er ein prioritert del av skogkulturen.

Skogfond

Skogfondordninga er ein viktig finansieringskjelde for blant anna skogkultur. Ordninga med skaffefordel er særst lønsam for skogeigaren og bør nyttast i større grad. I samband med planlegging av hogst vil det framover vere særst viktig å avsetje tilstrekkeleg skogfond. Lågaste sats (4 %) er ikkje tilstrekkeleg til å finansiere framtidig skogkulturbehov – planting og ungsogpleie. For å finansiere eigedelen av forynginga og ungsogpleie må det settast av tilstrekkeleg

Kommunen, fylkesmannen og tømmerkjøparane må samarbeide om å rettleie skogeigarane til å sette av nok skogfond i tråd med framtidig investeringsbehov

4. Tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar

I NMSK-forskrifta står det: *”Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterende skogsveier når dette bidrar til helhetsløsningar som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene.»*

Vidare står det at vegen skal vere godkjend etter forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar eller plan- og bygningslova.

Før anleggsarbeidet vert starta skal det utarbeidast ein byggjeplan godkjend av kommunen. På baksida av tilskotssøknadsskjemaet står det kva byggjeplanen skal innehalde.

Det er eit krav at vegen vert halde ved like i same standarden han vart bygd.

Vegstandard:

Vegen må ha ein standard som er tilfredsstillande for den aktuelle bruken og skal byggjast i samsvar med gjeldande normalar for landbruksvegar. Vegstandarden må avpassast skogen og det aktuelle området. Større veganlegg bør vere planlagd av ein godkjend vegplanleggar.

Veglinja skal vera stukken i marka og godkjent av kommunen, jamfør landbruksvegforskrifta. På grunn av skilnaden i kostnad og geometri må traktorveg klasse 7 vurderast opp mot bilveg, særleg når areala med planta gran som vert løyst ut er under 100 dekar, når det er aktuelt med

vegklasse 5 og når offentlig tilkomstveg ikkje er open for vogntog. Vegen skal byggjast etter den godkjende veglina, og anlegget skal føra fram til det punkt som er oppgjeve i søknaden. Dersom offentlig tilslutningsveg ikkje held standard for vogntog (19 m lengde) eller ikkje har tilstrekkeleg tillate aksellast (under 8 tonn), bør veglag, vegplanleggjar og kommunen som skogbruksstyresmakt arbeide for å skrive opp den offentlege vegen. Dersom dette ikkje vert gjort bør det aktuelle veganlegget prioriterast ned for tildeling av tilskot.

Større fellesanlegg skal prioriterast høgt. For slike prosjekt må det også skipast veglag. Fordeling av kostnadene for anlegget skal gå fram av underskreve søknadsskjema og det framtidige vedlikehaldet skal vera ordna ved skriftleg avtale før tilskot vert utbetalt. Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til vegklasse 8 og vegar med lågare standard.

Prioritering:

- Ein skal prioritere anlegg som er vedteken i gjeldande hovudplan skogsvegar.
- Større felles tilkomst-/hovudveganlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal og vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven
- Bilvegar framfor traktorvegar

Traktorvegar i vegklasse 7 kan likevel vere tilkomstveg

Tilskotssatsar:

Tilskot gjevast bare for anlegg der anleggskostnadane er over kr 30 000,-.

Tilskot til sekundærvegar/traktorveg kl. 7 bør liggja i intervallet 25 – 45%.

Tilskot til bilvegar kl. 2-4 ligg som regel i intervallet 30-60 %, med eit tillegg på maks 10% for større vegprosjekt i hovudplan og ved bruk av godkjent vegplanleggjar.

Anlegg der det er brukt godkjend vegplanleggjar kan få høgare tilskot med

- Detaljplanlegging +4 prosentpoeng
- utarbeiding av anbud +3 prosentpoeng
- oppfølging av anlegget under bygging +3 prosentpoeng

Tilskot til bilvegar kl. 5 bør ligge i intervallet 30 – 45 %, men bør nedprioriterast

Skogsvegar i vegklasse 2 til 7 kan for vegens dekningsområde få tilskot med inntil kr 7 000 per dekar for areal i hkl 2 – 4 som er tilplanta med gran, og inntil kr 160,- per m³ gran og furuskog i hkl 5. For lauv inntil kr 100,- per m³ i hkl 5. Vegar som løyser mykje lauvskog og lite annan skog skal likevel prioriterast ned.

Bruk av skogfond med skattefordel må nyttast so langt det er råd. Det betyr at bygging av større veganlegg bør løyse ut monaleg med hogstmoden skog dei fem første åra etter bygging.

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader som skuldast dette gå inn i tilskotsgrunnlaget. og det kan kompensast med ein noko høgare tilskotssats.

Tilskot til overordna vegplanlegging

Overordna vegplanlegging og motiverande arbeid er vesentleg for å få til rasjonelle og lønsamme veganlegg. Kommunane kan yte tilskot til overordna vegplanlegging og det er ein fordel at dette vert samordna på regionnivå. Fylkesmannen samordnar dette.

Vilkår for tilskot:

Tilskotet vert gjeve med vilkår om at vegen vert vedlikehalden i den standard den er bygd. Vedlikehaldsavtale skal vera underskriven av grunneigarane før tilskot vert utbetalt.

Det vert utført vedlikehaldskontroll på vegar som er mellom 10 og 20 år gamle.

Fylkesmannen gjennomfører kontrollane i lag med kommunane.

Det skal settast vilkår om nyplanting av gran på skogsmark som eignar seg for granplanting tilsvarande 1 dekar per 5 000 kr gjeve i tilskot. Tilsvarande er det eit vilkår at hogst av gran i vegens dekningsområde skal plantast att med gran. Skogfaglege vurderingar kan likevel vege mot dette. Areal skal vere kartfesta på den einskilde eigedom før tilskot blir løyvd.

Søknad, handsaming og utbetaling

Søknad skal skje på eige søknadsskjema og sendast til kommunen saman med kartgrunnlag. Kommunen registrerer søknaden i ØKS og prioriterer og handsamar han.

Vedtak med byggjeløyve skal lastast opp i ØKS.

Kostnadane for vegen skal vere kjent før ein søker om tilskot. Anbud eller fast pris er vanleg.

Løyve til avkøyring frå offentleg veg skal vere gjeve før det vert søkt om tilskot.

Det skal førast rekneskap for veganlegget med utgifter utan mva. Utgiftene i rekneskapen skal vere dokumentert med fakturaer eller timelister ved eigeninnsats. Grunnlag for utbetaling av tilskot er rekneskapsamandrag.

Organisasjonsnummer og bankkontonummer til den som tilskotet skal betalast ut til må førast på skjemaet.

Resultatkontroll:

Kommunen har ansvaret for gjennomføring av kontroll og minst kvar tiande av dei godkjende søknadene skal følgjast opp med synfaring. Dei som søker om tilskot er forplikta til å frigi opplysningar og akseptere dei kontrolltiltak som skogbruksmynda bestemmer.

Fylkesmannen og kommunen kan kontrollere at driftsområde er kvalifisert for tilskot og at drifta er gjennomført i samsvar med vilkåra i retningslinene og vedtaket om tilskot.

5. Tilskot til drift med taubane, hest o.a.:

I NMSK-forskrifta står det: «*Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregistreringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de førevar- tiltak som er nedfelt i norsk PEFC skogstandard*».

I følgje landsskogatseringa står 30% av den planta granskogen i Vestland fylke i taubaneterreng. Det er liten konkurranse med annan arealbruk på dei bratte areala og dei eignar seg godt til skogbruk. Taubanedrift er ein viktig driftsform for oss som vi er opptekne av at det vert støtta opp om. Det er særst viktig at dei få aktørane vi har ein økonomi som set dei i stand til å utvikle metodar og utstyr i takt med teknologisk utvikling.

Tilskot til drift i vanskeleg terreng skal berre gjevast når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog og på ein slik måte at det blir teke omsyn til skogens funksjonar i forhold til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Tilskot kan berre gjevast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området.

Det er eit vilkår at det etter hogst av gran skal plantast att med gran. Skogfaglege vurderingar kan likevel vege mot dette.

Alder

Søkjer må dokumentere alder på skogen (t.d. kopi av skogbruksplandata, borrhøve eller tal årringar) i søknad om tilskot, før handsaming. Det skal takast prøver i ulike deler av hogstfeltet. Lågaste alder for å gje tilskot:

Bonitet	Lågaste totalalder	Tillegg til alder målt i brysthøgde
G26 og betre	55 år	+ 10 år
G23	60 år	+ 12 år
G20	70 år	+ 13 år
G17	80 år	+ 14 år
G 14	90 år	+ 16 år

Andre avgrensingar

Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

Det skal ikkje gjevast tilskot:

- dersom skogsdrifta kan motverka utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturleg avgrensa driftsområde
- til område som skal brukast til andre føremål enn landbruksproduksjon.

Tilskotssatsar (retteiande)

Tilskotssatsen til taubanedrift har ikkje vore vurdert på svært mange år. Med gjeldande tømmerpris/driftsprisar bør tilskotet på grandrifter ligge på kr 140/m³. For å betre matche den volatile tømmermarknaden anbefalar vi ei variabel tilskotsordning som i større grad kan gjere gjennomføring av skogsdriftene føreseielege for skogeigarar og entreprenør, når tømmerprisane endrar seg.

Tilskot, kr per m³ :

Gran: variabelt tilskot på $\frac{48\,000}{\text{gjennomsnittleg virkespris}}$

Furu og lauv: variabelt tilskot på $\frac{56\,000}{\text{gjennomsnittleg virkespris}}$

Hestedrifter og løypestreng: 150

Til dømes var gjennomsnittsprisen på grantømmer for 3 kvartal 2019 kr 345,- per m³, dersom dette gjaldt for ei enkeltdrift ville det bli 48 000 delt på 345 = kr 139 i tilskot per m³.

Tilskotet kan altså tilpassast den einskilde drifta ved å sjå på gjennomsnittsverdien for virket etter at drifta er ferdig.

Det vert også gjeve eit tillegg på kr 20,- per m³ til taubanedrifter der tømmeret vert kjørt fram med lastetraktor. Slikt tilleggstilskot skal ikkje gjevast dersom det etter ei totalvurdering av skogsvegplanar i området er lønsamt å bygge bilveg fram til standplass og eventuelt vidare oppover/ innover i området.

Prioritering

Hogst av stormfelt skog skal prioriterast

Søknad og sakshandsaming

Søknad om tilskot skjer på dette søknadsskjemaet før drifta vert sett i gang. Utfylt skjema, kart, dokumentasjon på alder og underskrift av skogeigar sendast kommunen seinast seks – 6 – veker før planlagd oppstart av drifta.

Følgjande skal leggjast ved søknad om tilskot

Dokumentasjon på at det er gjennomført miljøregistreringar i skog (MIS).

I område utan MIS-registreringar dokumentasjon på at det er gjennomført føre-var-tiltak i tråd med PEFC skog standardar..

Detaljkart 1: 5000 som viser hogstområdet, miljøregistreringar og alle skogsvegar (bil- og traktorvegar), eventuelt kart direkte ført inn i ØKS

I kommunen sitt vedtak skal naturmangfaldslova sine prinsipp om offentleg mynde (§7) innarbeidast og legges til grunn for avgjerla om tilskot

Oppmoding om utbetaling av tilskot skjer på kopi av søknadsskjemaet som følgde søknaden, med ny påteikning av reelt hogd volum, i tillegg ev.t kart og kopi av målenota.

Om tilskotet skal utbetalast til andre enn skogeigar, må dette merkast på søknadsskjemaet og organisasjonsnummer og bankkontonummer til den som tilskotet skal betalast ut til må påførast skjemaet.

Tilsegn om tilskot bør gjevast med kort arbeidsfrist, slik at midlane kan nyttast til andre drifter dersom drifta av ein eller annan grunn ikkje kjem i gang. Tilskotet vert trekt inn utan nærare varsel etter tre månader dersom det ikkje er gjeve varsel om at drifta vert forseinka.

Resultatkontroll

Kommunen har ansvaret for gjennomføring av kontroll og minst kvar tiande av dei godkjende søknadene skal følgjast opp med synfaring. Dei som søkjer om tilskot er forplikta til å frigi opplysningar og akseptere dei kontrolltiltak som skogbruksmynda bestemmer.

Fylkesmannen og kommunen kan kontrollere at driftsområde er kvalifisert for tilskot og at drifta er gjennomført i samsvar med vilkåra i retningslinene og vedtaket om tilskot.

6. Tilskot til motivasjonstiltak i skog:

Tiltak på ungsogleie er faretruande lågt og med konsekvensar på lågare kvalitet på framtidsskogen. Det interkommunale skogsamarbeidet Skog i Sogn ønskjer å sette fokus på dette i strategiperioden. Tiltak her vil være registrering av felt, oppsøkjande verksemd, arrangere skogdagar, etablere demonstrasjonsfelt m.m. Noko av dette ønskjer ein å søkje ekstern hjelp til, med ein kostnadsramme på kr 100 000,- årleg i strategiperioden 2020-22. Prosjektet vil gjelde alle dei 7 kommunen i regionen og vil bli styrt av vertskommunen Sogndal.

7. Tilskot til miljøtiltak.

Her kan det søkjast til for ekstrakostnad med mellom anna klargjering av areal for planting og opprydding etterhogst på eksponerte felt.

Oppsummert oversikt over prioriterte tilskot for perioden 2020-22

Tiltak	Tilskotssats	
Skogkultur		
Planting/plantekjøp	50-70 %	
Andre skogkulturtiltak	40-70 %	
Veg		
Nybygging/ombygging	Traktorvegar : maks 45 Bilvegar 3-4 : maks 60 (70) Bilveg kl 5 : maks 45	
Drift av taubane, hest o.a.	Mellom 100-150 avhengig av tømmerpris	
Miljøtiltak i Skog	Ta kontakt med skogforvaltninga	

3. TILTAK – TILSKOTSBEHOV

Samla sett vert Luster sitt behov for SKOG-midlar berekna for kvart år. For 2020 er innmeld trong:

- Skogkultur kr 30000
- Skogsvegbygging kr. 607500
- Driftstilskot kr. 7500
- Skogsvegplanlegging kr. 100000
- Miljøtiltak i Skog kr 30000

Samla behov SKOG-midlar for kvart av dei tre åra i perioden for Luster kr 745000

